

Prestnes går sin eigen veg

28.09.2011

Dramatikken aukar - ordførarkandidat Knut Prestnes har i morgontimane sagt til HusnesNett at han vil gå sin eigen veg etter det som er skjedd i Senterpartiet. Og leiar Elin Legland har reagert med å seia at ho i så fall må ta saka opp med fylkesstyret.

Varaordførarkandidaten seier at styret har valt ein annan retning enn den partiet har stått for dei siste åra og difor må han følge si eiga overtiding og gå den veg som er naudsynt for å få på plass ein politisk plattform.

Difor går han i forhandlingar med dei 3 andre partia i kveld - Framstegspartiet, Venstre og Arbeidarpartiet.'

Legland håpar at alle vil vera lojale mot styrevedtaket frå i går om samarbeid.

På HusnesNett kan ein høyre intervju med Prestnes